



Austevoll kommune

## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** UTVAL FOR PLAN OG BYGGESAK  
**Møtestad:** KOMMUNESTYRESALEN  
**Møtedato:** 16.11.2010 Kl. 15.00

---

Eventuelt forfall skal meldast til tlf. 55 08 10 00 Offentleg servicekontor.  
Varamedlemar møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.  
Møte er ope for tilhøyrarar.  
Saksdokument er lagde ut til offentleg gjennomsyn på Offentleg servicekontor.

Planutvalsakene vert handsama først.

## SAKSLISTE

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
109/10	Godkjenning av møtebok frå Utval for plan og byggesak 19.10.2010
110/10	Referatsaker
111/10	Del av gnr. 5 og 6, Kalvenes/Veivåg. Søknad om reguleringsendring
112/10	Gnr. 11 bnr. 0002 Djupevåg. Manglande byggesøknad oppføring av tilbygg til eksisterande næringsbygg

Storebø, 09.11.2010

Helge Andre Njåstad  
Leiar

## SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
109/10	UTVAL FOR PLAN OG BYGGESAK	16.11.2010	Norunn Malene Storebø

Arkivsaknr. 10/44	Arkiv: FE-033
-------------------	---------------

### Godkjenning av møtebok frå Utval for plan og byggesak 19.10.2010

#### Rådmannen si tilråding:

Møteboka frå møte 19.10.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

---

#### Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
09.11.2010	Møteprotokoll av 19.10.2010

#### Bakgrunn for saka:

Møteboka frå Utval for plan og byggesak 19.10.2010 er lagt ut på kommunen si heimeside under saksdokument: [www.austevoll.kommune.no](http://www.austevoll.kommune.no) og ligg som vedlegg.

#### Vurdering:

# Møteprotokoll

## UTVAL FOR PLAN OG BYGGESAK

**Møtedato:** 19.10.2010

**Møtetid:**

Kl. 16.00 –

**Møtestad:** KOMMUNESTYRESALEN

**Saksnr.:**

087/10 - 108/10

<b>Følgjande medl. møte:</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møte</b>	<b>Parti</b>
Helge Andre Njåstad	Frp	Olav Njåstad	Frp
Jostein Blænes	”		
Kjetil Østervold	”		
Julie Solbakken	H		
Kurt Frank	”		
Edvard J Stangeland	Sp		
Jane K Stangeland	A		

<b>Forfall meldt frå følgjande medl</b>	<b>Parti</b>	
Renate M Klepsvik	Frp	
Christian Halstensen	Krf	

<b>Møteleiar:</b>	Helge Andre Njåstad
<b>Frå adm. møte:</b>	Leiar Osk Lars Erling Horgen og Norunn Storebø Osk møte som sekretær
<b>Merknader:</b>	Ingen
<b>Innkalling:</b>	Ingen
<b>Diverse:</b>	

Underskrifter:

\_\_\_\_\_  
Helge Andre Njåstad

\_\_\_\_\_  
Jostein Blænes

\_\_\_\_\_  
Kjetil Østervold

\_\_\_\_\_  
Julie Solbakken

\_\_\_\_\_  
Kurt Frank

\_\_\_\_\_  
Edvard J Stangeland

\_\_\_\_\_  
Olav Njåstad

\_\_\_\_\_  
Jane K Stangeland



# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
087/10	Godkjenning av møtebok - Utval for plan og byggesak 16.09.2010
088/10	Referatsaker
089/10	Gnr. 32 Bnr. 0097 Skår. Søknad om dispensasjon - oppføring av tilkomstkai.
090/10	Gnr. 70 bnr. 0049 Gauksheim. Søknad om dispensasjon - oppføring av frtidshus.
091/10	Gnr. 35 bnr 0003. Troland. Søknad om bruksendring fra løe til leilighet
092/10	Gnr. 36 p.a. bnr 1-4. Melingen. Søknad om oppankring av betong-kai i havneområdet ved Melingsvåg
093/10	Gnr 28 bnr 58,59,60 og 61. Kleppe. Ny handsaming av utslepp frå naust.
094/10	Gnr 43 Bnr 0201. Storebø. Søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen, LNF- område og pbl. §1-8 forbodmot tiltak langs sjø og vassdrag
095/10	Gnr. 32 bnr. 1 Skår. Klage frå Fylkesmannen i Hordaland på vedtak i utval for plan og byggesak saknr. 080/10. Dispensasjon frå kommuneplanen LNF-område og pbl. §1-8 forbud mot tiltak langs sjø og vassdrag.
096/10	Gnr. 33 Bnr. 0009 Økland. Klage på delegert vedtak saksnr. 428/10. Riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust i verneverdig naustmiljø.
097/10	Gnr. 62 bnr. Vinnes. Tiltak turveg rundt vinnesvatne. Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen LNF-område og pbl. §1-8 forbud mot tiltak langs sjø og vassdrag
098/10	Gnr. 05 Bnr. 0051 Kalvanes. Søknad om dispensasjon frå føresegna til arealdelen i kommuneplanen, utforminga av naust og brygger i naustområde og plankravet som gjeld i område
099/10	Gnr. 43 Bnr. 0160 Storebø. Søknad om dispensasjon frå byggegrense i gjeldane reguleringsplan- sentrumsplan Storebø. Tiltak tilbygg til drengestova
100/10	Gnr. 65 Bnr. 0025 Uglenes. Søknad om dispensasjon frå føresegna til arealdelen av kommuneplanen utforminga av naust i naustområda og plankravet som gjeld i område
101/10	Gnr. 58, bnr. 3 og 5 m.fl., Kolbeinsvik. Søknad om mindre endring av reguleringsføresegnene
102/10	Gnr. 56 bnr. 0011 Drønen. 2. gongs handsaming- endeleg godkjenning av reguleringsplan
103/10	Gnr. 50 Bnr. 0001 Nordeide. Søknad om endring av reguleringsplan. Dispensasjon frå føresegnene.
104/10	Gnr. 37 Bnr. 7,160 m.fl. Austevollshella. Godkjenning av dispensasjon for mindre endring på reguleringsplan

- 105/10 Gnr. 33 bnr. 9 Barmen Endring/utviding av eksisterande reguleringsplan
- 106/10 Gnr. 43, bnr. 697, Storebø. Anke på avslag om ny utsetjing av byggjesak
- 107/10 GNR. 51 SØREIDE HYTTEFELT - Framlegg til endring av reguleringsplan
- 108/10 Gnr. 40, bnr. 123 m. fl. Indreholmen. Endeleg godkjenning på endring/utviding av reguleringsplan

### **087/10: Godkjenning av møtebok - Utval for plan og byggesak 16.09.2010**

#### **Vedtak:**

Møteboka frå møte i Utval for plan og byggesak 16.09.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

### **088/10: Referatsaker**

#### **Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **089/10: Gnr. 32 Bnr. 0097 Skår. Søknad om dispensasjon - oppføring av tilkomstkai.**

#### **Vedtak:**

Utval for plan og byggesaker har vurdert søknad, motteke 10.05.2010, om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen sitt LNF-område om oppføring av tilkomstkai på gnr. 32, bnr. 97, Skårøy. Utvalet finn etter vurderinga å gå inn for å gje dispensasjon i samband med dette tiltaket.

#### Dispensasjon vert gjeve med følgjande vilkår:

- Ein ber tiltakshavar vere spesielt merksam på eventuelt fortøyningsgods i området, og at dette blir tatt omsyn til. Tiltakshavar pliktar å melde frå til Bergen Sjøfartsmuseum og Hordaland fylkeskommune viss det blir påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminner i samband med byggearbeidet.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §19-1 og Kulturminneloven §8, 2. ledd.

### **090/10: Gnr. 70 bnr. 0049 Gauksheim. Søknad om dispensasjon - oppføring av fritidshus.**

#### **Vedtak:**

Utval for plan og byggesak har vurdert søknad, motteke 01.02.2010, om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen sitt LNF-område på gnr. 70, bnr. 49, Gauksheim, Skårøy. Utvalet finn etter vurderinga å gå inn for å gje dispensasjon i samband med dette tiltaket.

Grunngjeving: Den akutelle parsellen grensar i flg arealdelen av kommuneplanen, inn til fleire områder der arealbruken er avsett til utbyggingsområder for fritidshus. Med bakgrunn i dette kan ein ikkje sjå at det å gje dispensasjon i denne saka vil føre til negative miljømessige konsekvensar for dette området.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §19-1.

### **091/10: Gnr. 35 bnr 0003. Troland. Søknad om bruksendring fra løe til leilighet**

Handsaming i møtet:

Forslag frå Frp v/Jostein Blænes som nytt punkt 1 og 2 + punkt 3 i tilsvarande rådmannen si tilråding.

Utval for plan- og byggesak har vurdert søknad om bruksendring. Utvalet godkjenner søknad om bruksendring i medhald av PBL § 1-6. Utvalet viser til at tiltaket det er søkt bruksendring til er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Utval for plan og byggesak gjev i medhald av veglova dispensasjon frå byggegrense til kommunal veg og godkjenner bygget sin avstand til vegen til der løa står.

**Vedtak:**

Samrøystes.

Utval for plan- og byggesak har vurdert søknad om bruksendring. Utvalet godkjenner søknad om bruksendring i medhald av PBL § 1-6. Utvalet viser til at tiltaket det er søkt bruksendring til er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Utval for plan og byggesak gjev i medhald av veglova dispensasjon frå byggegrense til kommunal veg og godkjenner bygget sin avstand til vegen til der løa står.

Det faste utval for plansaker har vurdert merknader til tiltaket frå nabo. Planutvalet kan ikkje sjå at plassering av vindauga og terrassar vil vere til nokon stor ulempe for naboen då avstand mellom bygga er 30 til 40 meter.

**092/10: Gnr. 36 p.a. bnr 1-4. Melingen. Søknad om oppankring av betong-kai i havneområdet ved Melingsvåg****Vedtak:**

Utval for plan og byggesak har vurdert søknad om plassering av betongflåte etter planstatus i sjø.

I medhald § 20-4.6 i føresegner og retningslinjer for hamneområder – HA finn Utval for plan og byggesak å gi samtykke til at søkjar får plassere betongkaien som omsøkt.

**093/10: Gnr 28 bnr 58,59,60 og 61. Kleppe. Ny handsaming av utslepp frå naust.**

Handsaming i møtet:

Frp Jostein Blænes er ugild.

Forslag frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Utval for plan og byggesak har vurdert saka på ny etter krav om det frå fylkesmannen sin justis avdeling.

Utal for plan- og byggesak meiner at meirkostnaden ved å kople seg på Austevoll vatn- og avlaup sitt anlegg er uforholdsmessig dyrare og soleis er lovens krav oppfylt for å oppretthalde utvalet sine tidlegare vedtak i saka. Over 4 gonger så høg kostnad enn den løysinga søkjar har skissert.

Det vart røysting over rådmannen si tilråding og Frp sitt forslag:

4 røysta for Frp sitt forslag ( Helge Andre Njåstad, Olav Njåstad, Kjetil Østervold , (Frp) Edvard J Stangeland Sp)og 3 for rådmannen si tilråding. (Jane Stangeland (A) Julie E Solbakken og Kurt Frank, (H)

**Vedtak:**

Utval for plan og byggesak har vurdert saka på ny etter krav om det frå fylkesmannen sin justis avdeling.

Utal for plan- og byggesak meiner at meirkostnaden ved å kople seg på Austevoll vatn- og avlaup sitt anlegg er uforholdsmessig dyrare og soleis er lovens krav oppfylt for å

oppretthalde utvalet sine tidlegare vedtak i saka. Over 4 gonger så høg kostnad enn den løysinga søkjar har skissert.

**094/10: Gnr 43 Bnr 0201. Storebø. Søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen, LNF- område og pbl. §1-8 forbodmot tiltak langs sjø og vassdrag**

**Vedtak:**

Det faste utvalet for plan og byggesaker har vurdert om det skal gjevast dispensasjon for oppføring av tilbygg på 6m<sup>2</sup> til eksisterande fritidsbustad på gnr 43 bnr 201 Storebø.

Planutvalet finn etter ein heilhetleg vurdering at det i medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova bør gjevast dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå plan- og bygningslova §1-8 forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.

Det faste utvalet for plan og byggesaker si grunngeving for kommunen si positive haldning til dispensasjon i denne saka er at det omsøkte tiltaket er lite. Det er snakk om eit tilbygg på 6 m<sup>2</sup> og det vil ikkje føra til ytterlegare privatisering i strandsona. Dette er ein eldre fritidsbustad og eit utbygg på 6 m<sup>2</sup> vil ikkje væra til ulempe for nokon. Fordelane meiner planutvalet at det no er fleire som kan nytta den eksisterande fritidsbustaden og dei eksisterande soveroma er under 5m<sup>2</sup>.

**095/10: Gnr. 32 bnr. 1 Skår. Klage frå Fylkesmannen i Hordaland på vedtak i utval for plan og byggesak saknr. 080/10. Dispensasjon frå kommuneplanen LNF-område og pbl. §1-8 forbud mot tiltak langs sjø og vassdrag.**

**Vedtak:**

Planutvalet har vurdert klage, motteke 28.09.10 frå Fylkesmannen i Hordaland v/miljøvernavingdelinga på planutvalet sitt vedtak i sak 080/10 den 26.08.10 der det blei vedteke å gje dispensasjon til oppgradering av eksisterande traktorveg/sti til kjørbar veg på gnr. 32 bnr .

Planutvalet finn ikkje grunnlag for å ta klaga frå Fylkesmannen til følgje, og held fast på sitt tidligare vedtak i saka.

**096/10: Gnr. 33 Bnr. 0009 Økland. Klage på delegert vedtak saksnr. 428/10. Riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust i verneverdig naustmiljø.**

**Vedtak:**

Det faste utval for plan og byggesak har vurdert klage, motteke 23.09.10 frå Hordaland fylkeskommune på delegert vedtak i sak 428/10 den 23.08.10 der det blei vedteke å gje løyve til å riva eksisterande naust og oppføra nytt naust på gnr 34 bnr 2 Taranger.

Det faste utvalet for plan og byggesak finn ikkje grunnlag for å ta klaga frå Hordaland fylkeskommune til følgje, og held fast på tidligare vedtak i saka.

**097/10: Gnr. 62 bnr. Vinnes. Tiltak turveg rundt vinnesvatne. Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen LNF-område og pbl. §1-8 forbud mot tiltak langs sjø og vassdrag  
Handsaming i møtet:**

Forslag frå Jostein Blånes Frp i tillegg til rådmannen si tilråding.

Utval for plan og byggesak vil legg til at prosjektet vert bygd i kommunal regi og er eit ledd i kommunen si folkehelsesatsing. Kommunestyret har løyvd kr 250.000,- investeringsmidlar til prosjektet for 2010.

Utval for plan og byggesak vil og understreke at store delar av traseen består alt i dag av skogsvegar som vert opprusta til å også tene som turveg. Tiltaket vil altså ikkje berøre urørt natur i stor grad.

**PLA-097/10 Vedtak:**

Det faste utval for plan og byggesak har vurdert søknad om dispensasjon for bygging av turveg rundt Vinnesvatnet, og finn etter ei samla vurdering å gje dispensasjon til tiltaket på gnr. 62 Vinnes.

Planutvalet vurdering av fordelane med å gje dispensasjon.

- Turvegen får universell utforming slik at vegen kan brukast av alle
- Vil opna for rike naturopplevingar for alle
- Vil bli eit unik tilbod til heile kommunen.

Det faste utvalet for plan og byggesak meiner at det er store samfunnsmessige fordeler ved å gje dispensasjon til ein turveg som er open for alle. Det er ikkje mange turvegar i Austevoll kommune i dag som har universell utforming, og tiltaket vil opne for at rørslehemma personar også får tilgang til naturen.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Utval for plan og byggesak vil legge til at prosjektet vert bygd i kommunal regi og er eit ledd i kommunen si folkehelsesatsing. Kommunestyret har løyvd kr 250.000,- investeringsmidlar til prosjektet for 2010.

Utval for plan og byggesak vil og understreke at store delar av traseen består alt i dag av skogsvegar som vert opprusta til å også tene som turveg. Tiltaket vil altså ikkje berøre urørt natur i stor grad.

**098/10: Gnr. 05 Bnr. 0051 Kalvanes. Søknad om dispensasjon frå føresegna til arealdelen i kommuneplanen, utforminga av naust og brygger i naustområde og plankravet som gjeld i område**

**Vedtak:**

Det faste utval for plan og byggesaker har vurdert søknad om dispensasjon, motteke 26.02.2010, om oppføring av fiskerinaust på gnr 5, bnr 51 Kalvanes. I medhald av arealdelen av kommuneplanen si føresegn §3.2.9, finn det faste utval for plan og byggesaker grunnlag for å godkjenne denne dispensasjonssøknaden.

Grunngjeving: I flg føresegna til arealdelen av kommuneplanen §3.2.9, er det høve til å søka om dispensasjon for grunneigarar med særleg behov grunna t.d næringsverksemd, eller lokal tilpassing.

I dette tilfellet meiner det faste utvalet for plan og byggesaker det er eit særleg behov då tiltakshavar er ein lokal fiskar med behov for eit enkelt kontor i 2 etg. og til å lagre utstyr som brukast til fiske.

I Austevoll kommune er det lange tradisjonar innan fiske og står i dag for 1 % av verdens fiske. Det er både store og små bedrifter som driv med fiske i Austevoll kommune. Kommunen meiner det er viktig å leggja til rette også for også dei små fiskeribedrifta i kommunen. Saka vil ikkje danne presedens då tiltakshavar kan dokumentera at han driv fiskerinæring.

Det faste utval for plan og byggesaker finn å gje følgjande vilkår/krav for å gje dispensasjon:

- Naustet må ikkje innreiast til varig opphald.

**099/10: Gnr. 43 Bnr. 0160 Storebø. Søknad om dispensasjon frå byggegrense i gjeldane reguleringsplan- sentrumsplan Storebø. Tiltak tilbygg til drengestova**

Handsaming i møtet:

Edvard J Stangeland og Jane Stangeland er ugilde i saka.

**Vedtak:**

Det faste utvalet for plansaker har vurdert om det skal gjevast dispensasjon for byggegrense i gjeldane reguleringsplan- sentrumsplan Storebø på gnr. 43 bnr.160 Storebø / drengestova.

Det faste utval for plan og byggesak finn etter ein heilhetleg vurdering at det i medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova og gir dispensasjon frå byggegrense i reguleringsplanen.

Det faste utvalet for plan og byggesaker si grunngeving for kommunen si positive haldning til dispensasjon i denne saka er at, byggegrensa er lagt inn for å ikkje komma i konflikt med fylkesvegen. Statens vegvesen har gitt uttale i saka og meiner tiltaket kan utførast dersom det blir utført ein del tiltak som sikrar fortau og veggen som utbygget grensa til.

Det faste utvalet for plan og byggesaker gjer følgjande vilkår/krav for å gje dispensasjon.

- Det må etablerast ein mur mot framtidig fortau. På synfaring den 04.10.2010 vart det omtala at det sannsynlegvis er fjell under massane ved sida av fylkesvegen der fortau kan etablerast. Dette punktet gjeld dersom det viser seg at bredda på fjellet ikkje er tilstrekkeleg.
- Det må etablerast fortau med grusdekke, klart til asfaltering. Fortauet må etablerast i samsvar med sentrumsplan for Storebø, frå eksisterande avkjørsle fv 152 hp 1 km 0,100 og 1 m forbi hjørnet på tilbygget som ville liggje nærast veggen. Vi gjer merksam på at fortau skal vera 3 meter og ikkje 2 meter som vart sagt på synfaringa.
- Mur skråning frå fortau og ned mot tilbygg må sikrast med gjerde.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §19.2

**100/10: Gnr. 65 Bnr. 0025 Uglenes. Søknad om dispensasjon frå føresegna til arealdelen av kommuneplanen utforminga av naust i naustområda og plankravet som gjeld i område**

**Vedtak:**

Det faste utval for plan og byggesaker har vurdert søknad om dispensasjon, motteke 29.06.2010, om oppføring av fiskerinaust på gnr 62, bnr 25 Vinnes. I medhald av arealdelen av kommuneplanen si føresegn §3.2.9, finn Planutvalet grunnlag for å godkjenne denne dispensasjonssøknaden.

Grunngjeving: I flg føresegna til arealdelen av kommuneplanen §3.2.9, er det høve til å søka om dispensasjon for grunneigarar med særleg behov grunna t.d næringsverksemd, eller lokal tilpassing.

I dette tilfellet meiner det faste utvalet for plan og byggesaker det er eit særleg behov då tiltakshavar er ein lokal fiskar med behov for å lagre utstyr som brukast til fiske.

I Austevoll kommune er det lange tradisjonar innan fiske og står i dag for 1 % av verdens fiske. Det er både store og små bedrifter som driv med fiske i Austevoll kommune. Kommunen meiner det er viktig å leggja til rette også for også dei små fiskeribedrifta i kommunen. Saka vil ikkje danne presedens då tiltakshavar kan dokumentera at han driv fiskerinæring.

Det faste utval for plan og byggesaker finn å gje følgjande vilkår/krav for å gje dispensasjon:

- Naustet må ikkje innreist til varig opphald.

### **101/10: Gnr. 58, bnr. 3 og 5 m.fl., Kolbeinsvik. Søknad om mindre endring av reguleringsføresegnene**

#### **Vedtak:**

Utval for plan og byggjesak godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12-10 at søknad om mindre endring av reguleringsplan for bustadområdet i Kolbeinsvik, felt 1 gnr. 58 bnr. 3 og 5 m. fl., vert lagt til offentleg ettersyn og sendt på høyring. Det er bare føresegnene som skal endrast.

Eksisterande plan er godkjend 15.03.2005, sak 024/05.

Reviderte føresegner er datert 04.10.2010

### **102/10: Gnr. 56 bnr. 0011 Drønen. 2. gongs handsaming- endeleg godkjenning av reguleringsplan**

Handsaming i møtet:

Forslag frå Helge Andre Njåstad om å endre i føresegnene ordet *matt* takstein.

#### **PLA-102/10 Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av PBL § 12-12, vedtak av reguleringsplan for gnr. 56 bnr. 11 Drønen. Godkjenner føresegnene med unntak av ordet *matt* takstein.

Føresegnene og plankartet er datert 17.06.10.

Planen med planskildring skal kunngjerast i minst ei avis, og på kommunen sine heimesider.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering

### **103/10: Gnr. 50 Bnr. 0001 Nordeide. Søknad om endring av reguleringsplan. Dispensasjon frå føresegnene.**

Handsaming i møtet:

Rådmannen trekkjer forslag til vedtak pga bruk av feile paragrafar.

Forslag frå Frp v/Helge A Njåstad:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av PBL § 12-10 § 12-11 og § 12-14 å sende reguleringsendring til uttale til berørte myndigheter og naboar.

Det gjeld kart og føresegner datert 23.08.2010

**Vedtak:**

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av PBL § 12-10 § 12-11 og § 12-14 å sende reguleringsendring til uttale til berørte myndigheter og naboar.

Det gjeld kart og føresegner datert 23.08.2010

**104/10: Gnr. 37 Bnr. 7,160 m.fl. Austevollshella. Godkjenning av dispensasjon for mindre endring på reguleringsplan**

Handsaming i møtet:

Forslag frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Utval for plan- og byggesak vedtek at søknad om dispensasjon for mindre endring av reguleringsplan for gnr. 37, bnr. 7,160,161 m.fl.Austevollshella, vert godkjend med heimel i PBL § 19-2 i påvente av endring av planen.

Utval for plan og byggesak sender i medhald av PBL § 12-10, § 12-11 og § 12-14 å sende planen på offentleg ettersyn. Det gjeld kart og føresegner datert 8. september 2010.

**Vedtak:**

Utval for plan- og byggesak vedtek at søknad om dispensasjon for mindre endring av reguleringsplan for gnr. 37, bnr. 7,160,161 m.fl.Austevollshella, vert godkjend med heimel i PBL § 19-2 i påvente av endring av planen.

Utval for plan og byggesak sender i medhald av PBL § 12-10, § 12-11 og § 12-14 å sende planen på offentleg ettersyn. Det gjeld kart og føresegner datert 8. september 2010.

### **105/10: Gnr. 33 bnr. 9 Barmen Endring/utviding av eksisterande reguleringsplan**

#### **Vedtak:**

Utval for plan og byggjesak godkjenner i medhald av plan- og bygningslovas § 12-14, forslag til endring/utviding av reguleringsplan for gnr. 33, bnr. 9, Barmen.

Nytt plankart er datert 24.08.10. Føresegnene vert ikkje endra.

Utvalet godkjenner at endringa av planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, og forslaget vert oversendt til grunneigarar, naboar og høyringsinstansar for uttale.

### **106/10: Gnr. 43, bnr. 697, Storebø. Anke på avslag om ny utsetjing av byggjesak**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vert trekt tilbake då byggesaka skulle vore handsama etter gamal PBL

Forslag frå Frp v/Helge Andre Njåstad

Utval for plan og byggesak viser fyrst til at søknaden er dagsett 27.06.2010 og soleis skal handsamast etter gamal PBL og ikkje den nye slik rådmannen legg opp til i saksframlegget.

Utval for plan og byggesak har vurdert saka og gjeva i medhald av PBL § 96 fornya tidsfrist på 3 år for byggetiltaket.

#### **Vedtak:**

Utval for plan og byggesak viser fyrst til at søknaden er dagsett 27.06.2010 og soleis skal handsamast etter gamal PBL, og ikkje den nye slik rådmannen legg opp til i saksframlegget.

Utval for plan og byggesak har vurdert saka og gjeva i medhald av PBL § 96 fornya tidsfrist på 3 år for byggetiltaket.

### **107/10: GNR. 51 SØREIDE HYTTEFELT - Framlegg til endring av reguleringsplan**

#### **Vedtak:**

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § § 12-10 og 12-14, at framlegg til endring av reguleringsplan for gnr. 51, Søreide hyttefelt, vert lagt til offentleg ettersyn og sendt på høyring. Høyringsfristen vert minst 6 veker frå utleggjing.

### **108/10: Gnr. 40, bnr. 123 m. fl. Indreholmen. Endeleg godkjenning på endring/utviding av reguleringsplan**

Handsaming i møtet:

Jane Stangeland er ugild i saka.

#### **Vedtak:**

Utval for plan og byggesak vedtek på vegne av Austevoll kommunestyret å godkjenne endring/utviding av reguleringsplan på gnr. 40, bnr. 123 m.fl. Indreholmen, jfr. kommunestyresak 144/10.

Vedtaket er heimla i Plan-og bygningslova § 12-12.

Vilkår:

- Føresegnene må rettast i punkt 3.2, slik at desse samsvarer med føresegner i gjeldande reguleringsplan vedteke i KST 31.10.06 i saknr. 0123/06.
- Plankartet skal påførast rett revideringsdato.

Planen med planskildring skal kunngjerast i minst ei avis.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering.

**Rett utskrift**

**Norunn Storebø**

# Austevoll

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
UTVAL FOR PLAN OG BYGGESAK	16.11.2010	110/10	NMS

<b>Avgjerd av:</b> Saksansv .: Norunn Malene Storebø	<b>Arkiv:</b> TI-&17 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 10/1930
---	--	------------------------------

### Referatsaker

#### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	10/14841	U	28.10.2010	Sandvikhavn Gaard v/Ingvald Berge	Søknad om tilskot til spesielle tiltak i kulturlansskapet. restaurering av verneverdig naust- Sandvik
2	10/15043	U	02.11.2010	Havbruksstasjonen; Havforskningsinstitutt et	Melding/søknad om gjenopptaking av forsøksdrift i Svartatjønn
3	10/14051	U	12.10.2010	John Sverre Njåstad	Gnr 34 bnr. 0167, 0168 Taranger.Søknad om tiltak utan ansvarsrett- flytebryggje
4	10/14102	U	13.10.2010	Byggmester Økland ANS	Gnr. 35 bnr. 0038 Troland. Søknad om løyve til tiltak - tilbygg til bustadhus. Søknad om ansvarsrett.
5	10/14175	U	14.10.2010	Rolf Meyer	Gnr. 63 bnr. 0065 Blænes. Søknad om tiltak utan ansvarsrett - utlegging av flytebrygge.
6	10/14284	U	18.10.2010	Astrid Kirsten Aga	Gnr. 68 bnr. 0007 Grasdalsjøen. Søknad om tiltak utan ansvarsrett - montering av utliggar.
7	10/14348	U	19.10.2010	Knut Ove Dale	Gnr. 12 bnr. 0004 Stenevik. Søknad om tiltak utan ansvarsrett - oppføring av garasje.

8	10/14484	U	22.10.2010	Plan Consult AS	Gnr. 51 bnr. 0038 Søreide. Søknad om løyve til tiltak - oppføring av garasje. Søknad om ansvarsrett.
9	10/14649	U	26.10.2010	Hus og hytteutbygging AS	Gnr. 51 bnr. 0034 Søreide. Søknad om forlenging av byggeløyve - oppføring av 2 naust.
10	10/14636	U	26.10.2010	Tore Hermansen	Gnr. 31 bnr 0165 Sandtorv. Ferdigattest - reiskapshus/naust.
11	10/14165	U	14.10.2010	Anne Lise Gauksheim Torode	Gnr. 70 bnr. 0011 Gauksheim. Søknad om tiltak utan anvarsrett - tilbygg våningshus.
12	10/14988	U	02.11.2010	Nils Arthur Veivåg	Gnr. 6 bnr. 0006 Veivåg. Søknad om tiltak utan ansvarsrett - tilbygg til våningshus.
13	10/14994	U	02.11.2010	Cenit Bygg og Eiendom As	Gnr. 63 bnr. 0114 Blænes. Søknad om løyve til tiltak - kai og flytebrygge. Søknad etter havne- og farvannsloven. Søknad om ansvarsrett.
14	10/15110	U	04.11.2010	Blink Austevoll Trelast AS	Gnr. 43 bnr. 0827 og 828 Storebø. Søknad om løyve til tiltak - bustadhus m/veg, vatn og avløp. Søknad om ansvarsrettar.
15	10/15224	U	08.11.2010	Aarland bygg & eiendomsutvikling AS	Gnr. 37 bnr. 0167 og 0168 Austevoll. Ny handsaming - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av 4 næringsbygg i rekkje. Søknad om ansvarsrett.
16	10/14274	U	18.10.2010	Ramm Salbu Arkitektur	Melding om delegert vedtak Gnr. 25 bnr. 0084 Kalve. Søknad om frådelling - parsell nr. 12 i regulert område
17	10/14272	U	18.10.2010	Ramm Salbu arkitektur v/Morten Ramm Salbu	Melding om delegert vedtak Gnr. 25 bnr. 0084 Kalve. Søknad om frådelling - parsell nr. 7 i regulert område
18	10/14280	U	18.10.2010	Ramm Salbu Arkitektur	Melding om delegert vedtak Gnr. 25 bnr. 0084 Kalve. Søknad om frådelling - parsell nr. 8 + 9 i regulert

19	10/14278	U	18.10.2010	Ramm Salbu Arkitektur	område. Melding om delegert vedtak Gnr. 25 bnr. 0084 Kalve. Søknad om frdeling - parsell nr. 10 i regulert område
20	10/14577	U	25.10.2010	Selbjørn grunneigarlag	Melding om delegert vedtak Tilsagn på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket, SMIL 2010- Gjerdehald og lyngbrenning på Selbjørn
21	10/14607	U	25.10.2010	Nils Magne Bakke	Melding om delegert vedtak Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2010
22	10/14604	U	25.10.2010	Gisle Vassnes	Melding om delegert vedtak Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2010
23	10/14613	U	25.10.2010	Jan Terje Gjøvåg	Melding om delegert vedtak Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2010
24	10/14595	U	25.10.2010	Jan Ove Våge	Melding om delegert vedtak Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL 2010
25	10/13128	U	24.09.2010	Karsten Bussesund; Arvid Harald Bussesund; Ester Bjørsvik	Melding om delegert vedtak Gnr. 57 Bnr. 0004 Bussesund. Søknad om frådeling - bebygd nausttomt
26	10/14276	U	18.10.2010	Ramm Salbu Arkitektur	Melding om delegert vedtak Gnr. 25 bnr. 0084 Kalve. Søknad om frådeling - parsell nr 11 i regulert område

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.



## Austevoll kommune

Sandvikhavn Gaard v/Ingvald Berge  
Sandslihovden 27

5254 SANDSLI

**Vår ref.**

10/1684-10/14841/AMV

**Arkivkode**

FA-V08, FA-K12

**Dykkar ref.****Dato**

28.10.2010

**Søknad om tilskot til spesielle tiltak i kulturlansskapet. restaurering av verneverdig naust-Sandvik**

./.. Oversender vedtak i samband med søknad om tilskot til verneverdige naust i Sandvik. Kommunen har berre 23.000 att for dette året, men det mulig å søkja på prosjektet til neste år. Når det gjeld tilskotsordningar for slike prosjekt elles ./.. Legg vi ved utskrift frå Hordaland fylkeskommunen sine kulturside/kulturvern, det hadde kanskje vore ein tanke å teke kontakt med dei for mulighet for tilskot til desse bygga.

**Offentleg servicekontor**

Aud Margunn Vinnes  
Konsulent

*Dette dokument er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.*



## Austevoll kommune

Havbruksstasjonen  
Stasjonsleiar Torfinn Grav

5392 STOREBØ

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
10/1792-10/15043/LEH	FA-U43		02.11.2010

### Melding/søknad om gjenopptaking av forsøksdrift i Svartatjødn

Viser til Dykkar søknad om oppattaking av forsøksdrifta i Svartatjødn dat. 15.10.2010  
Etter å ha gjennomgått søknaden Dykkar og våre dokument frå oppstart av forsøksdrifta i Svartatjødn og løyver gjeve opp gjennom åra frå 1984, finn eg det ikkje påkravd å gje nokon nye løyver.

I løyva gjeve tidlegare er det i vedtaksform gjeve løyve i tida forsøksverksemda i Svartatjødn føregår, for den verksemda som var omsøkt då. Det er i prinsippet ikkje noko endring i drifta av tjødna, og byggverka som står der, inkludert flytebrygger, er godkjend så lenge dei er nytta i samband med forsøk.

Forsøksdrifta kan derfor forsetja eller starta opp at i nytt prosjekt slik det er omsøkt her utan nye løyver.

Vil be om at området vert rydda slik at det utstyret som ikkje er i bruk vert fjerna.

Ved opphør av forsøksdrifta skal alle installasjonar fjernast

### Offentleg servicekontor

Lars Erling Horgen  
Leiar Offentleg servicekontor

*Dette dokument er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.*





## Austevoll kommune

Havforskningsinstituttet  
Pb. 1870 Nordnes

5817 BERGEN

<b>Vår ref.</b> 10/1792-10/15043/LEH	<b>Arkivkode</b> FA-U43	<b>Dykkar ref.</b>	<b>Dato</b> 02.11.2010
---	----------------------------	--------------------	---------------------------

### **Melding/søknad om gjenopptaking av forsøksdrift i Svartatjødn**

Viser til Dykkar søknad om oppattaking av forsøksdrifta i Svartatjødn dat. 15.10.2010  
Etter å ha gjennomgått søknaden Dykkar og våre dokument frå oppstart av forsøksdrifta i Svartatjødn og løyver gjeve opp gjennom åra frå 1984, finn eg det ikkje påkravd å gje nokon nye løyver.

I løyva gjeve tidlegare er det i vedtaksform gjeve løyve i tida forsøksverksemda i Svartatjødn føregår, for den verksemda som var omsøkt då. Det er i prinsippet ikkje noko endring i drifta av tjødna, og byggverka som står der, inkludert flytebrygger, er godkjend så lenge dei er nytta i samband med forsøk.

Forsøksdrifta kan derfor forsetja eller starta opp at i nytt prosjekt slik det er omsøkt her utan nye løyver.

Vil be om at området vert rydda slik at det utstyret som ikkje er i bruk vert fjerna.

Ved opphør av forsøksdrifta skal alle installasjonar fjernast

### **Offentleg servicekontor**

Lars Erling Horgen  
Leiar Offentleg servicekontor

*Dette dokument er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.*



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
111/10	UTVAL FOR PLAN OG BYGGESAK	16.11.2010	Solveig Alvsaker

Arkivsaknr. 09/2039	Arkiv: FA-L12
---------------------	---------------

### Del av gnr. 5 og 6, Kalvenes/Veivåg. Søknad om reguleringsendring

#### Rådmannen si tilråding:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12-14 og 12- 10, at framlegg til reguleringsendring for del av gnr. 5 og 6, Kalvenes/Veivåg, vert lagt til offentlig ettersyn og sendt på høyring.  
Reguleringsføresegner og plankart har revideringsdato 02.07.10.

#### Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
13.10.2010	Reguleringsføresegner revidert 02.07.2010
13.10.2010	Vedlegg
21.07.2010	0810Oversendingsbrev1.pdf
14.10.2010	Plankart

#### Bakgrunn for saka:

Planområdet ligg delvis innanfor gardane Kalvenes og Veivåg på Selbjørn.

Reguleringsplanen for området vart godkjend 01.06.06 i saknr. 054/06.

Endringa gjeld naustområde ved N1 som vist i kartet, og er tenkt utvida sørover, over ei grunne, med plass for eit naust.

Naustet er tenkt plassert på pæler, slik at fylling i sjø vert marginal.

På land vert det liten eller inga sprenging.


Til oppstartsmeldinga var det ikkje vesentlege merknader.

**Vurdering:**

Rådmannen har ikkje merknader til den omsøkte endringa og rår til at framlegget vert lagt til offentlig ettersyn og sendt på høyring.



Tiltakshaver:  
Svein Aase



REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR.5,6 VEIVÅG, KALVENES

## REGULERINGSFØRESEGNER

Sist revidert 02.07.2010

## INNHALDSLISTE

		side
0.00	Generelt om planen	3
1.00	Avgrensing av planen	4
2.00	Reguleringsformål	4
	Område for bustader	5
	Område for fritidsbustader	5
	Område for naust/båtfeste	5
	Område for næring	5
	Bygningane si plassering.	6
	Bygningane si utforming	6
	Bygningshøgde,	6
	Bygging på branntomt/fornyning.	6
	Offentleg trafikkområde, køyreveg, trafikkområde i sjø	7
	Privat småbåtanlegg sjø,land	7
	Privat veg	7
	Friluftareal	7
	Andre anlegg	8
	Friområde i sjø- og vassdrag	8
	Fellesveg - avkøyrsløse – veg – parkering	8
	Miljøstasjon	8
	Felles friareal, leik	8
3.00	Fellesbestemmelser	8

**REGULERINGSPLAN  
FOR  
DEL AV GNR. 5 BNR. M/FL KALVENES.**

\*\*\*\*\*

**0.0 GENERELT OM PLANEN**

Planområdet ligg i dels innanfor gardane Kalvenes og Veivåg på nordre del av øya Selbjørn i Austevoll kommune.

Aktuelt område inngår i dag i kommuneplanens arealdel.  
Arealbruken er i hovudsak vist til område for fritidsbustader med krav om plan..

Austevoll kommune har etter søknad godkjent igongsetjing av reguleringsarbeidet.  
Jmfr. vedtak i planutvalet fra sak 132/04 og 135/04.

Planen omfemner ialt 7 stk nye bustader , 18 stk frittliggjande fritidsbustader,  
2 stk i rekkje og område med plass for nye naust og båtfeste.

Innanfor planområde ligg i dag 3 stk bustadhus, 3 stk fritidshus og  
3 stk eksisterande naust .

Landdelen av planområdet utgjer i alt ca 83 da. Av dette ligg ca 12 da  
innanfor garden Veivåg og 71 da innanfor garden Kalvenes.

Tilkomst til planområdet vert i hovudsak fra eks. avkøyrslar/vegar i område .  
2 stk nye avkøyrslar, veg 6 og veg 7 er vist fra kommunal veg.  
I alt 4 stk tilkomstvegar inn mot planområdet.

Vassforsyning til område er planlagt fra offentleg vassforsyning

Avlaupet frå bygningane er planlagt frå felles slamavskiljar, naudsynlege  
pumpekummer og sjøleidning med utslepp i straumførande sjø utanfor  
resipient med krav om biologisk reinsing.

Det vil seinare bli laga eigen vass- og avlaupsplan for dette planområde.

# REGULERINGSFØRESEGNER

## 1.0 AVGRENSING AV PLANEN

Planen startar ved sjøen i nordaustsida av planområdet, nordsida er avgrensa av sjøen fram til eigedomsgrensa mot gnr. 6 bnr.6, føl denne i sørleg retning fram til bnr. 22 og vidare i austleg retning til sjøen.

Sørsida av planen går dels i sjø og vidare langs vestsida av gnr 5 bnr. 7 , langs eksisterande fellesveg, riksvegen og fram til avkøyrse ved kommunal veg til Kalvenes. Her føl plangrensa vestleg kant av kommunal veg fram til eigedomsgrensa mot gnr.6 bnr 27. Vidare i vestleg retning langs bnr. 14 og fram til grensa mot bnr ,74 og til sjøen ved utgangspunktet.

## 2.00 REGULERINGSMÅL

Område regulerast til fylgjande formål:

- .01 Byggeområder :
  - Område for bustader.
  - Område for fritidsbustader
  - Område for naust
  - Område for næringsverksemd.
  
- .02 Offentlige trafikkområde:
  - Kjørveg
  - Gangveg/fortau
  - Annan veggrunn.
  - Trafikkområde i sjø.
  
- .03 Spesialområder:
  - Privat småbåtanlegg ( sjø )
  - Privat småbåtanlegg ( land )
  - Privat veg.
  - Frilufsområde
  - Andre anlegg
  - Friområde ( sjø og vassdrag )
  
- .04 Fellesområde:
  - Felles veg, avkøyrse, parkering, gangveg
  - Miljøstasjon

- Felles friareal,leik

.01 BYGGEOMRÅDER

**Område for bustader**

Innanfor regulert område for bustader kan det i alt verta oppført 7 stk nye bustadhus slik planen viser.

Bygningane kan oppførast i inntil 3 etasjer der underetasje inngår i talet på etasjer.

Utan underetasje kan oppføring gjerast inntil 2 etasjer.

Bygningar med 3 etasjer skal ikkje ha sjølvstendig bustadeining berre i 3. etasje.

Oppstillingsplass for garasje inngår i byggjeområde.

Utnyttingsgrad: BYA: Mellom 8 – 22 % . Sjå plankartet for B1-B11 .

Kvart einskild byggjeområde er avgrensa mot andre bruksformål.

**Område for fritidsbustader.**

Desse områda omfatar frittligjande fritidsbustader og fritidsbustader i rekkje.

Frittliggjande bygningar kan oppførast i inntil 2 etasjer der eventuell underetasje skal inngå i etasjetalet. Utan underetasje gjeld oppføring av bygget berre i 1 etasje.

Parkering for frittliggjande fritidsbustader er føresett innanfor eigen grunn.

BYA for frittliggjande fritidsbustader: 100 m2..

Fargeval på fritidsbustader skal tilpassast naturmiljøet og eventuelt andre bygningar i området. Taktekking skal vere betongtakstein, tegl, naturstein eller anna naturmateriale med matt overflate.

**Område for naust/båtfeste**

Innanfor regulert naustområder kan naust oppførast i samsvar med planen.

Kvart einskild nausteining skal ha eit bebygd areal ikkje større enn 49 m2.

Utnyttingsgrad naustområde : BYA: Bebygd areal i % av naustområde/tomt.

BYA: Inntil 80 %

Vidare kan fortøyning/båtfeste gjerast langs strandlina her.

Eventuelle bryggjer langs strandlina skal vera i trematerialer.

Naust innanfor søndre del av naustområde N1 skal oppsetjast på peler , over ei grunne, utan utfylling i sjøen.

Ved søknad om tiltaksløyve for naust skal eventuelle bryggjer visast og omfatast av søknaden .

**Område for næring.**

Deler av næringsområde omfatar eks. bygningar ved sjøen . I næringsamanheng kan bygningane nyttast for utleige, arrangementer og lignende.

Andre deler av næringsområde kan nyttast for sjørelatert verksemd, m.a. slipp/båtoppdrag, vinterlagring av båter m.m.

Det kan oppførast høvelege bygg/anlegg i tilknytning til verksemda.

Ved permanent oppføring av bygningar innan næringsområde skal det sendast kommunen søknad om tiltaksløyve på vanleg måte.

### **Bygningane si plassering.**

Bygningane skal i hovudsak plasserast som vist på planen.

Kommunen kan i samband med søknad om tiltaksløyve

godkjenne mindre retningsavvik i høve til planen.

Møneretning snudd 90 grader kan godkjennast på einskilde tomter.

### **Bygningane si utforming.**

Kommunen skal ved handsaming av søknad om tiltaksløyve

sjå til at bygningane får ei god form og materialhandsaming.

Utforming og materialbruk skal saman gje ein harmonisk heilskap.

Alle bygningane langs strandlina skal ha saltak eller anna skråtak med takvinkel mellom 32 gr. og 45 gr.

Frittliggjande bustader og fritidsbustader kan ha lågare takvinkel.

### **Bygningshøgde**

Nausta innanfor skal ha ei mønehøgde ikkje over 6,50 m rekna fra terrengplan.

Bustader i 3 etasjer skal ha høgde som ikkje overstig fyljande verdier rekna fra medel planert terrenghøgde rundt bygget.:

Mønehøde: 9,4 m

Gesimshøgde: 8,0 m

For bustader og fritidsbustader i ein etasje og to etasjer gjeld høgdene som framgår i Plan og bygningslova.

### **Bygging på branntomt/fornyng.**

Ved oppføring av bygning som har vore utsett for brann e.l. kan kommunen kreve at desse oppbyggjast etter sin opphavelge utsjånad.

Ved utbetring og fornyng skal bygningar gjevast ei eksteriørutforming som harmonerer med det eksisterende særpreg i området.

## .02 OFFENTLIGE TRAFIKKOMRÅDE

### **Kjøreveg**

Gjeld Fylkesvegen Bekkjarvik –Stolmen . Tilkomst til deler av regulert område vert fra avkjørsle fra riksvegen.

Elles er fellesavkjørsler føresett tilknytt kommunal veg.

Ved avkjørsle til Kobbeneset er vist 2 stk busslommer med samstundes parkering av 1 stk buss i kvar retning.

### **Gangveg/fortau.**

Gjeld fortau langs nordsida av regulert kjøreveg . Breidde fortau 2,5 m.

Gangfelt er vist i avkjørsle mellom fortaua samt over fylkesvegen mellom fortaua ved busslommene.

Opparbeiding av fortau er lekk i trafikksikringa langs fylkesvegen. Arbeidet med fortauet skal fullførast når 4 stk nye bustader etter denne planen er oppførte.

### **Annan veggrunn.**

Gjeld vegskråninger , murer og skjæringer langs offentlig veg.

Avgrensing mellom veg/fortaukant og fyllingsfot/topp vegskjæring.

### **Trafikkområde i sjø**

Gjeld sjøareal for allmenn tilkomst til regulert område og til sjø og landområde ved indre Veivåg.

## .03 SPESIALOMRÅDER

### **Privat småbåtanlegg ( sjø )**

Gjeld deler av hamnen med plass for manøvrering, opplag, fortøying av småbåter langs brygger og flytebrygger. Deler av området er grunt der båt-tilkomst berre kan vera ved flo sjø. Lokal utdupning for fortøyningsplass for småbåter kan gjerast. Større utdypning for båttrafikk uavhengig av flo/fjøre kan berre gjerast etter at løyve til tiltak er gjeve fra offentlig mynde.

Bygging av kaier, utlegging av flytebrygger, utfyllinger m.m. krever tillatelse fra Kystverket , jmf. havne- og farvannsloven § 18.2.

### **Privat småbåtanlegg ( land )**

Gjeld deler av landområde med plass for m.a. mellombels lagring av båter og anna utstyr i tilknytning til småbåtanlegg sjø. ( ikkje næring )

### **Privat veg**

Gjeld privat veg som er tilkomstveg til avgrensa busetnad innanfor planområdet.

### **Friluftareal**

Området skal ikkje byggjast på, men m.a. nyttast som friareal og for tilkomst mellom busetnad , vegar, fellesvegar samt mellom naust og båtfester ved sjøstrandlina.

Stier og mindre tilkomstveger kan opparbeidast, men utan store terrenginngrep.

Område nyttast for brukarar innan planområdet .

### **Andre anlegg**

Innan dette område kan opparbeidast anlegg for framtidig utnytting av energi fra vassføringa i bekk i området, t.d. eit mini- kraftverk.

### **Friområde i sjø og vassdrag**

Gjeld området innerst i vika mot Kalvenes, med grense mot kommunal veg. Vatnet er ei blanding av sjøvattn og fersk vatn fra bekken her. Det er til dels jamnt fugleliv her heile året.

Det skal ikkje føregå verksemd eller båtrafikk som er til hindring for fuglelivet. Berre ferdsel på landsida kring denne vika.

## **.05 FELLESONMRÅDER**

### **Fellesveg - avkøyrsløse - veg - parkering.**

Viste avkøyrsløse, fellesveg , parkering gjeld for brukarane av byggeområda, offentlige trafikkområde og spesialområda innan planen.

I tillegg gjeld felles veg og som gangstig for andre brukarar utanfor planområdet som i samsvar med tinglyste fråsegner har rett til gangstig over areal innan planområdet. Opparbeida brygge ved sjøen og fellesveg fra brygga fram til offentlig veg skal og kunna brukast av andre.

### **Miljøstasjon**

Gjeld oppstillingsplasser for bosscontainere for brukarane innan planområdet.

### **Felles friareal, leik.**

Dette arealet nyttast som felles friareal for brukarane innan planen. Innan desse områda kan oppførast mindre anlegg som har naturleg tilknytting , t.d. leikeapparat og liknande.

## **3.00 FELLESBESTEMMELSER**

### **Eksisterende eigedomstilhøve**

Eksisterende eigedomsgrenser innanfor planområdet skal gjelde.

I den grad det er uoverensstemmelse mellom plankart og grensene slik dei er skildra i eksisterande tinglyste målebrev/ skylddelingsforretningar eller rettsprotokoll etter jordskifte, skal sistnevnte grensebeskrivelser gjelda føre plankartet.

### **Bestemmelser om graving, fylling, attendeføring av landskap m.m.**

Skjæringer og fyllinger skal gjevast ei tiltalende form og handsaming.

Inngrep som bryt den naturlege terrengform bør unngåast.

Overskotsmasse fra gravearbeid, utsprengringer, nedrivninger o.l. skal deponerast på godkjent fyllplass.

Døde tre og anna sterkt skada vegetasjon etter anleggsarbeid skal ryddast ut og erstattast med ny tilplantning.

Ved avdekking av eventuelle katurminne som kan ha historisk verdi skal det straks meldast fra til Fylkeskonservatoren

Storebø, den 07.05.2005.

Revidert 28.01.2006

Revidert 13.02.2006

Revidert 02.07.2010



VEDLEGG 3

Austevoll kommune

Svein Aase  
Storflåtveien 16

4017 STAVANGER

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
09/2039- 09/10090/BWE	FE-		09.09.2009

### SØKNAD FRÅ SVEIN AASE OM PLANENDRING I REGULERINGSPLAN FOR KALVENES

Administrasjonen og leiaren for planutvalet i kommunen har drøfta saka i eige møte. Vi kan ikkje sjå at det i reguleringsplanen er sett av plass til naust der De ønskjer eit slikt plassert i følgje vedlegg 1. Planutvalet ser ikkje dette som ein mindre endring i reguleringsplanen, men derimot som ein ordinær planendring som må leggjast fram for politisk førehaving og sendast på høyring til eksterne organer.

Vi vil rå til at De tek kontakt med plankonsulent for å få sendt slik søknad om vanleg planendring med forslag til justert kart og justerte føresegner. Deretter kan vi leggja saka fram for planutvalet og med deira godkjenning kan forslaget verta sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn. Kommunen vil krevja at hovudkartet for Kalvenes vert justert dersom endringa vert godkjent.

#### Rådmannskontoret

Rolf E. Nøstdal  
Rådmann

Bjørn Wefring  
Spesialrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.*

#### Kopi til:

Helge Andre Njåstad  
Lars Erling Horgen

off.servicekontor

5392 STOREBØ  
5392 STOREBØ

## Til korrektur

Annonse som sto inne 28.01-10

### Varsel om planarbeid

#### Endring reguleringsplan Kalvenes/Veivåg.

I samsvar med Plan- og bygningslova paragraf 27-1 vert det med dette kunn- gjort at det er igongsett privat omregulering av deler av gnr. 6 bn. 17.

Veivåg i Austevoll.

Omreguleringa er avgrensa slik det framgår av kartutsnittet og gjeld i hovudsak endring av eit mindre naustområde på vestsida av Veivågen.

Tiltakshavar: Svein Aase, Storflåtvn 16, 4017 Stavanger.

Løyve til igongsetjing av regulering vart gjeve av kommunen i brev til tiltakshaver dat. 09.09.2009.

Nærare opplysningar om reguleringa kan De få ved å venda Dykk til:

Plan Consult a/s, 5392 Storebø. Tlf 56 18 07 02.  
E-post: [post@planconsult.as](mailto:post@planconsult.as)

Eventuelle merknader skal sendast til same adresse innan **25.02.2010**.

Berørte grunneigarar og naboer vert varsla direkte per brev.

Plan Consult a/s,  
5392 Storebø  
E-post:  
[post@planconsult.as](mailto:post@planconsult.as)



VEOLEG 5



planConsult<sup>as</sup>

Postadr: 5392 Storebø  
Bank: Sparebanken Vest  
Bankgiro: 3470 05 03609  
Telefon: 56 18 07 02  
Telefax: 56 18 44 15  
Mobil: 97 70 67 64  
Epost: [post@planconsult.as](mailto:post@planconsult.as)  
Org.nr.: NO 942 205 961  
MVA

Storebø, 06.02.2010

### Gnr. 6 bnr. 17 Endring reguleringsplan Kalvenes/Veivåg

I samsvar med Plan- og bygningslova paragraf 27-1 vert det med dette kunngjort at det er igongsett privat regulering av deler av gnr. 6 bnr. 17 Veivåg i Austevoll.

Planen er avgrensa slik det framgår av vedlagte kartutsnitt.

Reguleringa gjeld i hovudsak endring av eit mindre naustområde på vestsida av Veivågen.

Tiltakshavar er Svein Aase adr. Storflåtn. 16, 4017 Stavanger.

Løyve til igongsetjning regulering vart gjeve av kommunen i brev til tiltakshaver dat.09.09.2009

Dersom De har eventuelle merknader kan desse sendast Plan Consult as 5392 Storebø, innan 08.03.2010.

Med helsing

Svein Haukanes

Vedlegg: Kartskisse med planavgrensning.  
Melding om vedtak fra planutvalet frå sak 012/09

Dette brevet er sendt til:

Fylkesmannen, Miljøvernavdelinga,	Postboks 7310	5020 Bergen
Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020 Bergen
Kystverket vest	Serviceboks 2	6025 Ålesund
Fiskeridir. Region vest Gate 1	nr. 60	6700 Måløy
KNBF region vest Postboks 467	Sentrum	5805 Bergen
Off service-kontor		5392 Storebø
Representanten for barn og unge		
v/Lene Vik Vassnes		5392 Storebø

side 2 av 2

Naboer:

Karl Olav Kalvenes		5392	Bekkjarvik	gnr. 6 bnr. 52
Vermund Aase	Fanaveien 302		5244 Fana	gnr. 6 bnr. 67
Nils Arthur veivåg			5397 Bekkjarvik	gnr. 6 bnr. 6

**Fra:** postmottak@fmho.no  
**Sendt:** 12. mars 2010 15:22  
**Til:** post@planconsult.as  
**Emne:** Oppstart - Austevoll - Gnr. 6 / bnr. 17 - Kalvenes / Veivåg - Reguleringsendring

### Forenkla tilbakemelding på melding om oppstart av planarbeid

Vår referanse: 10/1875

Vi viser til dykkar brev med melding om oppstart av planarbeid for gnr 6 bnr 17 – Kalvenes.

Fylkesmannen har ikkje andre merknader enn dei som går fram av vår temaside om planlegging [www.fmho.no/planlegging](http://www.fmho.no/planlegging). Vi viser særleg til delane om "Oppstart" og "Detaljeringsnivå i reguleringsplanar". Vi ventar at signala i dokumentet vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Dersom planarbeidet ved offentleg ettersyn viser seg å vere i strid med føringane nemnt over, vil Fylkesmannen vurdere å fremje motsegn mot planframlegget.

Vi ønskjer lykke til med planarbeidet.

Med helsing

Åshild Blomdal

Rådgjevar

Miljøvernavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland

Planconsult A/S  
V. Svein Haukanes.  
5392 Storebø.

VEOLEGG 7.

Karl Olav Kalvenes  
Pb. 70  
5399 Bekkjarvik.

Kobbaneset 4. mars 2010.

Syner til brev frå Plankonsult om endring av reguleringsplan.

Svein Aase ynskjer å utvide, flytte naustareal 6 meter retning sør. Han vil slik kunne utnytte arealet meir hensiktsmessig.


Eg stiller meg positiv til at Svein Aase ved denne endringa får utnytta si strandlinje på ein betre og meir praktisk måte.

